Tal båtar .....	20	-	8	3	4	-	-	2	2	1
Kapasitet hl .....	143 700	-	58 600	20 200	30 500	-	-	14 900	13 500	6 000
<b>8 000 - 9 999 hl</b>										
Tal båtar .....	18	1	4	1	8	1	-	2	-	1
Kapasitet hl .....	159 500	9 900	35 450	9 200	70 300	8 000	-	18 650	-	8 000
<b>10 000 hl og over and over</b>										
Tal båtar .....	35	1	13	-	16	1	1	1	2	-
Kapasitet hl .....	421 700	11 100	155 450	-	191 050	11 800	10 000	15 000	27 300	-

<sup>1</sup> Nærare om ringnotkonsesjonar i kapittel 1.2.  
<sup>1</sup> Further about purse seine licences in chapter 1.2.

K j e l d e: Fiskeridirektoratet. Source: The Directorate of Fisheries.

## 2. Oversikt over bestandar

### 2.1. Innleiing

Figurane 2 til 9 viser utviklinga i bestandane av norsk-arktisk torsk og hyse, nordleg sei og norsk vårgytande sild. Tala gjeld bestandsstorleiken pr. 1. januar. Figurane viser totalbestand, gytebestand og rekruttering.

### 2.2. Utviklinga i bestandane

Utviklinga i bestanden av norsk-arktisk torsk er vist i figur 2. Totalbestanden auka til 1,3 millionar tonn i 1986 då den sterke 1983-årsklassen vart rekruttert. Fram til 1988 gjekk bestanden ned, men sidan har den auka igjen, og overslaget for 1992 er på 2 millionar tonn. Overslaget for gytebestanden i 1992 er på 1 million tonn. Den raske aukingen i gytebestanden kjem i stor grad av at 1983-årsklassen har blitt kjønnsmoden. Figur 11 viser kvote og fangst av norsk-arktisk torsk i perioden 1983-1993.

Bestanden av norsk-arktisk hyse auka frå 50 000 tonn i 1984 til 260 000 tonn i 1986 (sjå figur 4). Etter 1986 gjekk bestanden noko ned igjen. Overslaget for bestandsstorleiken i 1992 er på 210 000 tonn.

Bestanden av nordleg sei har vore relativt stabil dei seinaste åra (sjå figur 6), og fangstane har vore om lag som dei tilrådde kvotane. Bestandsstorleiken i 1992 er rekna til 590 000 tonn.

Utviklinga for bestanden av norsk vårgytande sild er vist i figur 8. I 1987 vart hovudtyngda av den talrike 1983-årsklassen kjønnsmoden, og gytebestanden auka fra 0,8 millionar tonn i 1987 til 2,2 millionar tonn i 1988. Gytebestanden i 1992 er rekna til 2,4 millionar tonn. Årsklassane frå 1991 og særleg 1992 ser ut til å vere sær gode og gir truleg stor tilvekst til sildestammen.

### 2.3. Kjelder

Bestandstala er utarbeidde av Havforskningsinstituttet i form av arbeidsgrupperapportar som kvart år vert lagde fram for Det internasjonale havforskningsrådet (ICES). Oversiktene over utviklinga i bestanden byggjer på ein tilbakerekningsmetode som vert kalla Virtual Population Analysis (VPA).

### 2.4. Definisjonar

Ein *bestand* er ei gruppe individ av ein særskild art som er funksjonelt avgrensa frå andre individ av same art, som oftast ved at gyting skjer atskilt. Dei har difor ofte ulike vandringsmønster, men det er ikkje slik at bestandar alltid opptrer enkeltvis og isolert frå kvarandre. Det er vanleg at fleire bestandar blandar seg i beiteperioden eller utvekslar individ på annan måte. Dette gjeld til dømes makrellen i det nord-austlege Atlanterhavet. Dei to bestandane vestleg makrell og nordsjømakrell blandar seg i nordlege delar av Nordsjøen, men har sine respektive hovudgytefelt vest

for Dei britiske øyane og i Nordsjøen. På grunn av vanskar med å skilje mellom desse to makrellbestandane, er det sidan 1986 ikkje laga særskilt bestandsoversikt over utviklinga av nordsjøbestanden.

*Rekruttering* er det tillegget ein kvart år får ved at ein ny årsklasse vert gamal nok til å kunne reknast med i bestanden.

### 2.5. Omvurdering av bestandsoverslag

Havforskningsinstituttet gjer overslag over storleiken av fiskebestandane til bruk for styresmaktene i forvaltninga av fiskeressursane og for fiskerinæringa. Overslaga byggjer på statistiske metodar, men på grunn av usikre data blir resultatata usikre. Havforskningsinstituttet gir ikkje noko mål på kor usikre overslaga er, berre punktoverslag for bestandsstorleikane. For å illustrere kor usikre overslaga kan vere, tek vi med ei oversikt over omvurderingar som er gjort for bestanden av norsk-arktisk torsk.

Grunnlaget er dei årleg tilbakegåande utrekningane av bestandsstorleiken (VPA, sjå 2.3). Bestandsstorleiken på eit visst tidspunkt vert vurdert fleire gonger.

Fangstoppgåvene står sentralt i desse utrekningane, og dess større del av ein årsklasse som vert fiska opp, dess sikrere vert overslaga på omfanget av den. Årleg kjem det fangstoppgåver som gir ny informasjon om talet på individ i dei ulike årsklassane, og med det om bestandsstorleiken for like mange år tilbake som den eldste årsklassen har levd. Den nye informasjonen gir grunnlag for omvurdering av det siste bestandsoverslaget for desse åra.

Spreiinga i bestandsoverslaga for norsk-arktisk torsk er vist i figur 10. For kvart einskilt år er overslaga over bestandsstorleiken i dette året viste med kvart sitt punkt. Det nyaste overslaget er markert med ei linje mellom punkta. Ser ein til dømes på overslaga for bestanden i 1986, går det fram av figuren at dei har svingt mellom 1,2 og 1,9 millionar tonn, medan det nyaste overslaget er på 1,3 millionar tonn. Det skraverete området i figuren viser den samla spreiinga i bestandsoverslaga.

## 2. Survey of stocks

### 2.1. Introduction

Figures 2 to 9 show the development in stock biomass for northeast arctic cod, haddock, saithe and Norwegian spring-spawning herring. The figures show the size of the stock biomass as of 1 January as well as the spawning stock biomass and recruitment.

### 2.2. Development of the stocks

The development of the stock of northeast arctic cod is shown in figure 2. The total stock increased to 1.3 million tons in 1986, when the strong 1983 yearclass was recruited. The stock decreased until 1988, but since then it has increased again, and the 1992 stock estimate is 2 million tons. The estimate of the spawning stock in 1992 is 1 million tons. The rapid increase of the spawning stock is mainly caused by the maturing 1983-yearclass. Figure 11 displays quotas and catches of northeast arctic cod in the period 1983-1993.

The total stock of northeast arctic haddock increased from 50 000 tons in 1984 to 260 000 tonnes in 1986 (figure 4). After 1986 the stock size decreased. The estimate of the total stock size in 1992 is 210 000 tons.

The stock of northeast arctic saithe has been relatively stable in the recent years (figure 6), and the catches have been approximately in accordance with the recommended quotas. The total stock size in 1992 is estimated to be 590 000 tons.

The development of the stock of Norwegian spring-spawning herring is shown in figure 8. In 1987 the majority of the numerous 1983 yearclass reached maturity, and the spawning stock increased from 0.8 million tons in 1987 to 2.2 million tonnes in 1988. The spawning stock in 1992 is estimated to be 2.4 million tons. The yearclasses from 1991 and especially 1992 seem to be very good and are expected to give significant growth of the herring stock.

### 2.3. Sources

The stock data are supplied by the Institute of Marine Research in the form of working group reports submitted to the International Council for the Exploration of the Sea (ICES). The surveys are based on a recursive calculation method called Virtual Population Analysis (VPA).

### 2.4. Definitions

A *stock* is a group of individuals of a specific species which is functionally separated from other individuals of the same species, usually by the fact that spawning takes place in different areas. For this reason they often display different patterns of migration. However, stocks do not always appear separately and isolated from each other. It is common that two or more stocks of the same species mix in the feeding periods or exchange

individuals in other ways. This is the case for mackerel in the northeast Atlantic: The two stocks, western mackerel and the North Sea mackerel, mix in the northern parts of the North Sea, but the spawning takes place in two different areas; west of the British Isles and in the North Sea, respectively. Due to difficulties in distinguishing between these two stocks, separate stock accounts has not been made for the North Sea mackerel since 1986.

*Recruitment* is the annual stock increase due to the inclusion of a new age group which is old enough to be counted into the stock.


### 2.5. Re-evaluation of stock size estimates

The Institute of Marine Research estimates stock sizes in order to supply the authorities and the fishing industry with background data for the management of the fisheries. The estimates are based on statistical methods, but the lack of good data implies uncertainties in the results. The Institute does not supply any measurement of these uncertainties, only point estimates for stock size. To illustrate the extent of this uncertainty, we include a survey of the re-evaluations done for northeast arctic cod.


The basis is the annual recursive calculations of stock size (VPA, see 2.3). The stock size at one point is evaluated several times. Catch data are of great importance in these calculations, and the reliability of the estimate of one year class increases relative to the amount of catch from this yearclass. Each year the catch reports provide new information about the number of individuals in each yearclass and thereby about the stock size for as many years before as the age of the oldest yearclass. The new information produces the basis for the re-evaluation of the last stock size estimates for these years.

The variation of the stock size estimates for northeast arctic cod is displayed in figure 10. For each year the estimates of the stock size in this year are shown with dots. The most recent estimates are connected by a line. As an example, consider the estimates of the stock size in 1986. The figure shows that they have varied between 1.2 and 1.9 million tons, and that the most recent estimate is 1.3 million tons. The hatched area in the figure shows the total variation of the estimates.


**Figur 2. Totalbestand og gytebestand for norsk-arktisk torsk. 1972-1992 1 000 tonn**  
**Total and Spawning Stock Biomass. Northeast Arctic cod. 1972-1992. 1 000 tons**




**Figur 3. Rekruttering av norsk-arktisk torsk. Årsklassene 1972-1990. Millionar individ som treåringar**  
**Recruitment of northeast Arctic cod. Year classes 1972-1990. Million individuals at age 3 years**




**Figur 4. Totalbestand og gytebestand for norsk-arktisk hyse. 1972-1992. 1 000 tonn**  
**Total and Spawning Stock Biomass. Northeast Arctic haddock 1972-1992. 1 000 tons**




**Figur 5. Rekruttering av norsk-arktisk hyse. Årsklassene 1972-1990. Millionar individ som treåringar**  
**Recruitment of northeast Arctic haddock. Year classes 1972-1990. Million individuals at age 3 years**




**Figur 6. Totalbestand og gytebestand for nordleg sei. 1972-1992. 1 000 tonn**  
**Total and Spawning Stock Biomass. Northeast Arctic saithe. 1972-1992. 1 000 tons**




**Figur 7. Rekruttering av nordleg sei. Årsklassene 1972-1990. Millionar individ som ettåringar**  
**Recruitment of northeast Arctic saithe. Year classes 1972-1990. Million individuals at age 1 year**




**Figur 8. Gytebestand for norsk vårgytande sild. 1974-1992. 1 000 tonn**  
**Spawning Stock Biomass. Norwegian Spring-spawning herring. 1974-1992. 1 000 tons**



**Figur 9. Rekruttering av norsk vårgytande sild. Årsklassene 1974-1990. Millionar individ som treåringar**  
**Recruitment of Norwegian Spring-spawning herring. Year classes 1974-1990. Million Individuals at age 3 years**




Figur 10. Bestandsoverslag for norsk-arktisk torsk 1985-1992.<sup>1,2</sup> Vurderingsår 1985-1993. 1 000 tonn  
 Stock size estimates on Northeast Arctic cod 1985-1992.<sup>1,2</sup> Estimation year 1985-1993. 1 000 tons



<sup>1</sup> Mengd av fisk som er 3 år og eldre. <sup>2</sup> Kvart år vert det lagd nye overslag på storleiken av bestanden i tidlegare år. Desse omvurderingane gjev eit mål på kor usikre tala er. For kvart år viser figuren dei overslaga som seinare er lagde for bestandsstorleiken dette året. Dei nyaste overslaga er viste som ein heiltrukken strek og er dei same som i figur 2.

<sup>1</sup> Quantity of fish that is 3 years and older. <sup>2</sup> Every year new estimates are made for the stock size of the previous years. These re-evaluations provide a measure of the uncertainty in the figures. The figure shows for each year all of the estimates that have been made for the stock size in that year. The most recent estimates are shown as an unbroken line, the same as in figure 2.

**Figur 11. Kvotar og fangst. Norsk-arktisk torsk<sup>1</sup>. 1983-1993**  
*Quota and catch. Northeast Arctic cod<sup>1</sup>. 1983-1993*



<sup>1</sup> Norsk kysttorsk er ikkje medrekna. <sup>2</sup> Medrekna overføringar.  
<sup>1</sup> Norwegian coastal cod is not included. <sup>2</sup> Included transfers of fishing rights.



## 3. Fangsten

### 3.1. Innleiing

Dette kapitlet omfattar fangstar frå sjøfisket leverte av norske fiskarar i Noreg eller utanlands. Det er også teke med tabellar som viser utbyttet av lakse- og sjøaur-efisket, selfangsten, fiskeoppdretten og utbyttet av fiskeria i andre land.

### 3.2. Kvotar, avtalar og fangstreguleringar

Noreg oppretta ei økonomisk sone på 200 nautiske mil frå 1. januar 1977 og ei fiskevernsonen på 200 nautiske mil rundt Svalbard 15. juni 1977. Ved kongeleg resolusjon av 23. mai 1980 vart fiskerisona rundt Jan Mayen oppretta med verknad frå 29. mai 1980. I mangel av ei varig delelinje mellom norsk og sovjetisk sone i Barentshavet, vart Noreg og Sovjetunionen 11. januar 1978 samde om ein mellombels avtale som regulerer fisket i grenseområda (Gråsonavtalen). Denne avtalen må fornyast kvart år. Det er eit generelt forbod for utlendingar mot å fiske i Noregs økonomiske sone.

Forskrifter av 13. mai 1977 gav heimel for å inngå avtalar med andre land som gav dei løyve til å fiske i Noregs sone. Det blei inngått følgjande avtalar:

- Avtalar med den Europeiske Fellesskapan (EF), Sovjetunionen og Færøyane om gjensidige fangstrettar. Føremålet med desse avtalane var å opprette ein rimeleg balanse i det gjensidige fisket mellom avtalepartane. Sidan det er nødvendig med felles innsats for å sikre ei effektiv forvaltning av fiskearter som vandrar over sonegrensene, inneheld fiskeriavtalane med EF og Sovjetunionen reglar for samarbeid om forvaltninga av fellesbestandane i respektive Nordsjøen og Barentshavet. Avtalane gjeld i 10 år.
- Avtalar som sikra fangstrettar for Sverige og Finland i Noregs økonomiske sone (nabolandsavtalar). Avtalane blei inngått for 10 år.
- Avtalar som gav Polen løyve til å fiske på overskotsbestandane i Noregs sone. Dette gjaldt stort sett sei og kolmule.
- For *Skagerrak og den nordlege delen av Kattegat* har Noreg, Sverige og Danmark ein trerikesavtale frå 1967 som gjeld fram til 2002. Denne avtalen gir fiskarar frå dei tre landa høve til å kunne fiske inntil 4 nautiske mil frå grunnlinjene i området utan omsyn til soneinndeling. Reguleringstiltaka for området skal vere baserte på avtalar mellom dei tre landa. Sidan 1978 har EF forhandla på vegne av Danmark innanfor ramma av trerikesavtalen.

Kvart år gir Den Rådgivande Komité for Fiskeriforvaltning (ACFM) sine tilrådingar for totalt fiske av dei einskilde fiskeslagane. Desse tilrådingane er utgangspunkt

for drøftingar og konsultasjonar mellom Noreg og dei landa Noreg har inngått avtalar med.

#### Norsk-arktisk torsk

Bestanden av norsk-arktisk torsk er ein norsk-sovjetisk fellesbestand. I kvoteavtalen for 1991 mellom Noreg og Sovjetunionen vart totalkvoten sett til 215 000 tonn. I tillegg kjem 40 000 tonn norsk kysttorsk til Noreg. Totalkvoten vart difor 255 000 tonn.

Kvoten på 255 000 tonn vart fordelt slik at Noreg og Sovjetunionen kvar fekk 118 500 tonn. I 1991 overførte Sovjetunionen 10 000 tonn torsk av kvoten sin til Noreg. Når ein inkluderer 40 000 tonn kysttorsk kunne norske fiskarar difor fiske 128 500 tonn nord for 62°n.br. Dei resterande 18 000 tonna vart sette av til tredjeland. Av dette måtte 8 600 tonn takast i Svalbardområdet og 9 400 tonn i norsk og sovjetisk sone.

Den norske totalkvoten på 128 500 tonn vart i utgangspunktet fordelt med 32 135 tonn (25 prosent) til trålarane og 96 375 tonn til den konvensjonelle flåten. Seinare vart 1 500 tonn av trålarane sin distriktskvote overført til den konvensjonelle flåten. Trålarane sin del vart då 30 625 tonn. Av totalen på 97 875 tonn til den konvensjonelle flåten vart 70 375 tonn sett av til fartyskvoter, 18 500 tonn til maksimalkvoter og 9 000 tonn til bifangst/-skreiomrekning.

#### Norsk-arktisk hyse

Bestanden av norsk-arktisk hyse er ein norsk-sovjetisk fellesbestand. På grunn av at bestandssituasjonen var svært dårleg ved inngangen til 1991, vart det i den norsk-sovjetiske fiskerikommisjonen semje om å avgrense fisket i størst mogeleg grad. Totalkvoten (TAC) for 1991 vart sett til 28 000 tonn, dette skulle dekkje uunngåeleg bifangst og eit avgrensa kystfiske.

Sovjet overførte 1 000 tonn av sin kvote til Noreg. Den norske kvoten vart då 14 500 tonn. I tillegg kom eit kvantum på inntil 5 000 tonn norsk kysthyse, slik at i 1991 kunne norske fiskarar fiske i alt 19 500 tonn hyse nord for 62°N. 1 000 tonn av totalkvoten vart sett av til tredjeland.

Den norske kvoten på 14 500 tonn norsk-arktisk hyse vart fordelt med 3 625 tonn (25 prosent) til trålarane og 10 875 tonn til den konvensjonelle flåten. I tillegg kunne den konvensjonelle flåten fiske inntil 5 000 tonn kysthyse.

#### Sei

Den nordlege seibestanden vert rekna som ein eksklusiv norsk bestand. Det vart først bestemt ein totalkvote på 90 000 tonn. Av dette kunne utanlandske fiskarar ta 3 000 tonn. I august 1991 vart kvoten til norske fiskarar auka til 10 000 tonn. Dette medførte at norske fiskarar totalt kunne fiske 97 000 tonn sei nord for 62°N. Den norske kvoten vart fordelt på reiskaps-

grupper med 40 500 tonn til not, 33 500 tonn til trål og 23 000 tonn til konvensjonelle reiskap. Det vart også gjeve ei auke til utanlandske fiskarar, slik at dei totalt kunne fiske 5 900 tonn sei i 1991.

Seibestanden sør for 62°N (Nordsjøen og Skagerrak) er ein fellesbestand mellom Noreg og EF. Totalkvoten for 1991 vart sett til 125 000 tonn. Noregs del vart 48 950 tonn etter overføringar til EF og tredjeland.

#### *Blåkveite og uer nord for 62°N*

Det største tillate fangstkvantum av blåkveite vart sett til 9 000 tonn i 1991. Noreg og Sovjet vart samde om at 7 000 tonn av dette kunne fiskast i norsk økonomisk sone. Sovjetunionens del av dette vart 2 100 tonn.

Det var eit stort fiskepress på blåkveita i 1991. Knappe kvoter i torsk- og hysefisket kombinert med høge prisar på blåkveite gjorde dette fisket økonomisk viktig.

Ein del norske fabrikkskip har også i 1991 drive fangst etter blåkveite på lisens ("joint venture") utanfor kysten av Canada.

Største tillate fangstkvantum for vanleg uer og snabeluer vart i 1991 sett til 36 000 tonn. Sovjetunionen vart tildelt ein kvote på 8 000 tonn snabeluer og 1 000 tonn vanleg uer som attåtfangst i Noregs økonomiske sone.

EF fekk ein uerkvote på 3 500 tonn.

#### *Torsk, hyse og kviting i Nordsjøen*

Etter avtale mellom Noreg og EF vart den totale fangstknoten av desse 3 artene i 1991 sett til 275 500 tonn. Noregs del var 24 800 tonn etter overføringar til EF. Av dette kunne 21 300 tonn torsk, hyse og kviting fiskast i EF-sona.

Noreg tildelte Sverige 410 tonn torsk, 750 tonn hyse og 1 345 tonn sei, kviting og lyr.

EF-landa kunne samla ta inntil 100 000 tonn torsk, hyse og kviting i norsk sone.

#### *Lange, brosme, pigghå mv.*

Noreg kunne ta inntil 12 000 tonn lange, 1 000 tonn blålange, 3 000 tonn pigghå og 6 000 tonn brosme i EF-sona.

Etter kvoteavtalen mellom Noreg og Færøyane kunne Noreg fiske inntil 5 800 tonn botnfisk (lange, brosme, sei og blålange) i Færøyane si sone i 1991.

#### *Raudspette*

Etter avtale mellom Noreg og EF vart totalkvoten sett til 169 000 tonn i Nordsjøen. Noreg kunne fiske inntil 3 100 tonn raudspette som òg kunne fiskast i EF-sona.

EF hadde ein totalkvote på 165 900 tonn og av dette kunne 45 000 tonn takast i norsk sone.

#### *Makrell*

Noreg og EF vart samde om at makrellfisket i Nordsjøen og Skagerrak skulle avgrensast til 65 500 tonn i 1991. Av totalkvoten disponerte Noreg 46 610 tonn etter overføringar til tredjeland. EF-landa hadde høve til å fiske 21 900 tonn makrell i Nordsjøen og Skagerrak.

Nord for 62°n.br. kunne norske fiskarar fiske totalt 120 840 tonn makrell. Inkludert i dette talet er 14 500 tonn som Noreg fekk tildelt frå Færøyane. EF fekk tildelt ein kvote på 14 000 tonn.

Vest av 4°v.l. fekk Noreg ein kvote på 14 000 tonn makrell. Den norske totalkvoten vart såleis på 177 450 tonn.

Til kystfisket vart det sett av 20 000 tonn.

#### *Hestmakrell*

Fisket etter hestmakrell var ikkje kvoteregulert i den norske sona.

#### *Loddefisket*

Lodda i Barentshavet er ein norsk-sovjetisk fellesbestand og fangstkvantumet vert regulert etter avtale mellom Noreg og Sovjetunionen. For 1991 vart det igjen opna for loddefiske i Barentshavet. Noreg og Sovjet vart samde om ein totalkvote på 850 000 tonn. Denne vart fordelt med 510 000 tonn til Noreg og 340 000 tonn til Sovjet. Noreg fekk overført 20 000 tonn frå Sovjet ved slutten av sesongen slik at vi totalt disponerte 530 000 tonn.

Den norske kvoten for loddefisket ved Jan Mayen og Island var for reguleringsåret 20. juli 1990 - 20. juli 1991 på 72 500 tonn (inkludert 6 500 tonn som Norges Sildesalgslag kjøpte frå Grønland). Fisket vart stogga i desember 1990 fordi Island innførte totalforbod mot alt loddefiske.

13. februar 1991 meldte Fiskeriministeriet på Island at gytebestanden var 525 000 tonn, og Island foreslo at ein av dette kunne fiska 175 000 tonn. Ny TAC vart sett til 303 000 tonn og den norske totalkvoten vart etter dette sett til 33 300 tonn. Med heimel i artikkel 6, punkt 1 i trepartsavtalen mellom Noreg, Grønland/-Danmark og Island av 12. juni 1989 har norske fiskarar lov til å fiske innanfor Islands økonomisk sone fram til 15. februar.

For reguleringsåret 20. juli 1991 - 21. juli 1992 vart det først bestemt ein TAC på 240 000 tonn. Noreg sin kvote vart på 26 400 tonn. I januar 1992 vart TAC utvida til 740 000 tonn. Den norske kvoten vart då på 81 400 tonn. Dessutan kravde Noreg i samsvar med

artikkel 5 i trepartsavtalen mellom Noreg, Grønland/Danmark og Island av 12. juni 1989, kompensasjon for manglande moglegheit til å fiske kvoten i 1990/1991. Inkludert kompensasjon på 17 903 tonn vart den samla totalkvoten for Noreg i 1991/1992 på 99 303 tonn.

Av den nordvest-atlantiske fiskerikommisjonen blei Noreg gitt ein kvote på 9 000 tonn lodde i områda 3N og 3O utanfor canadisk sone.

#### *Kolmule*

Etter avtalane med EF og Færøyane, fekk Noreg i 1991 ein kvote på 155 000 tonn kolmule frå EF og 30 000 tonn frå Færøyane. Av kolmulekvoten kunne det fiskast inntil 8 000 tonn vassild.

#### *Brisling i Nordsjøen*

Etter avtale med EF hadde Noreg i 1991 høve til å fange 2 000 tonn brisling i EF-sona i Nordsjøen. Etter forhandlingar med Sverige og Danmark (EF) fekk Noreg ein kvote på 3 205 tonn brisling i området Skagerrak og den nordlege delen av Kattegat.

#### *Sild*

Den norske totalkvoten for sild i Nordsjøen, Skagerrak og vest av 4°v.l. var i 1991 på 140 850 tonn. Kvoten var fordelt med 118 110 tonn sild i Nordsjøen, 6 200 tonn vest for 4°v.l. og 16 540 tonn i Skagerrak. Norske fiskarar kunne ta inntil 50 000 tonn av nordsjø-sildkvoten i EF-sona.

Ringnotflåten fekk i alt tildelt 113 850 tonn.

Fordelinga på område var 93 110 tonn i Nordsjøen, 14 540 tonn i Skagerrak og 6 200 tonn vest for 4°v.l. Det vart sett av 7 000 tonn til kystfisket og 20 000 tonn til bifangst for industritrålflåten.

#### *Industrifisket i Nordsjøen*

Kvoteartalen mellom Noreg og EF innebar at Noreg kunne fiske inntil 20 000 tonn øyepål og 30 000 tonn tobis i EF-sona i Nordsjøen. Fisket i eiga sone var ikkje kvantumsavgrensa.

I Noregs økonomiske sone i Nordsjøen kunne EF fiske 150 000 tonn tobis og 50 000 tonn øyepål.

#### *Fisket ved Grønland og Newfoundland*

Reke og blåkveite er sett på som ein fellesbestand mellom Canada og Grønland. EF-kommisjonen har likevel etter avtale med Grønland høve til å gi Noreg kvotar i samband med kvoteartalen mellom Noreg og EF. I 1991 fekk Noreg ein kvote på i alt 2 500 tonn reker og 200 tonn blåkveite som kunne takast ved Aust-Grønland. I 1991 kunne Noreg ta 200 tonn kveite og 200 tonn blåkveite ved Vest-Grønland.

I canadisk sone hadde Noreg ein kvote av torsk på 1 820 tonn, samt 500 tonn håbrann. Noreg hadde også

ein kvote på 9 000 tonn lodde utanfor canadisk sone. Kvoten var tildelt av Fiskeriorganisasjonen for det nord-vestlege Atlanterhav (NAFO).

#### *Rekefisket i Barentshavet*

Rekefisket i Barentshavet i 1991 hadde inga kvoteavgrensing. I Sovjetunionens fiskerisone hadde farty frå Noreg ein samla rekekvote på 2 000 tonn.

#### *Håbrann og brugde*

Etter avtale med EF hadde Noreg høve til å ta inntil 200 tonn håbrann og 100 tonn brugdelever i EF-sona.

#### *Selfangst*

4 båtar tok del i selfangsten i 1991.

I Vesterisen var den norske kvoten på 5 400 grønlandssel og 1 000 klappmyss. I Austisen hadde Noreg ein kvote på 9 500 grønlandssel.

#### *Kvalfangst*

Frå og med 1988 var det ikkje tillate med kommersiell fangst av småkval. Til forskningsføremål vart det teke 5 dyr i 1990. Det vart ikkje teke småkval i 1991.

### **3.3. Statistiske kjelder**

#### ***Fiskeridirektoratets datasystem***

Etter råfisklova har godkjende salslag einerett til innanlands omsetning på første hand av fisk og dyr som vert fanga i sjøen med unntak av laks, sjøaure og sel.

Ved oppgjer til fiskar vert det fylt ut ein sluttsetel som gir mengd og verdi av dei leverte fiskeslaga, i tillegg til nokre andre opplysningar om fangsten og båten. Dette gjeld m.a. reiskap, fangstområde, leveringsstad, bruken av fangsten og registreringsmerke til båten. Dei fleste salslaga leverer desse opplysningane til Fiskeridirektoratet som bruker dei i produksjonen av fangststatistikk. I tillegg vert det nytta sumtal frå dei laga som ikkje leverer enkeltopplysningar, tal frå Statistisk sentralbyrås statistikk om lakse- og sjøaurefisket og materiale frå nokre andre mindre kjelder. Oppgåvene frå laga omfattar òg norske fangstar som vert leverte direkte i utlandet. Fangststatistikken frå direktoratet omfattar grovt sett all fiske og fangst i sjøen frå norskregistrerte fiskebåtar. Unntak frå dette er sel- og kvalfangst, tang, tare, østers og blåskjell, leveringar som går utanom salslaga, og ikkje registrert omsetning av fisk. Fiskeoppdrett og fiske til eige bruk er ikkje med. Salslaga gir oppgåver over ilandført fisk frå utanlandske båtar, men desse fangstane er ikkje med i statistikken. 1977 var det første året at primærmaterialet var så fullstendig at det kunne nyttast som grunnlag for fangststatistikk i publikasjonen Fiskeristatistikk. Det er framleis manglar i materialet. Dette gjeld t.d. registreringsmerke til fartyet som ikkje er oppgitt i alle sluttsetlar. Statistikk over fangst etter båttype er difor noko mangelfull. Utfylling av reiskapstype og fangstområde kan òg stundom

mangle på sluttsetelen. Dei båtane som nyttar fleire reiskapstypar på ein tur, kan berre gi opp eitt reiskap, og dei båtane som fiskar i fleire fangstområde på ein tur kan berre gi opp eitt område. Dette må ein ta omsyn til når ein les tabellane for fangsten etter område og reiskap. Ein vil difor finne skilnader mellom fangstområdestatistikken som byggjer på sluttsetelregisteret og den som byggjer på fangstdagbøker frå trålarane.

### **Fiskerioppsyn**

Under Lofotfisket vert det sett eit offisielt fiskerioppsyn. Oppsynet fører detaljerte oppgåver over fangstar og deltaking under fisket. På grunnlag av desse oppgåvene utarbeider oppsynsjefen ein årleg publikasjon som heiter Lofotfisket.

### **Fangstdagbøker**

I fleire fiskeri er fartyeigarane pålagde å føre fangstdagbøker. Dette gjeld m.a. trålfisket etter torskearta fisk og småkvalfangsten. På grunnlag av fangstdagbøkene utarbeider Fiskeridirektoratet publikasjonane Trålfiske og Reketrålstatistikk.

Publikasjonane gir detaljert statistikk over deltaking og utbyte i dei to fiskeria.

### **Selfangsten**

Fiskeridirektoratet gir ut ein publikasjon som heiter Selfangsten i serien Rapportar og meldingar. Publikasjonen er i hovudsak basert på oppgåver frå Fiskeridirektoratets Kontrollverk og oppgjerssetlar i samband med innbetaling av produktavgift. Den omfattar deltaking, fangst, prisutvikling og eksport i denne sektoren.

### **Publikasjonen Fiske og oppdrett av laks mv.**

Statistisk sentralbyrå gir ut denne årlege publikasjonen, som omfattar fangst, eksport og import av laks og sjøaure og oppdrett av fisk.

### **Publikasjonen Yearbook of Fishery Statistics**

Denne publikasjonen, gitt ut av FAO (Food and Agriculture Organization of the United Nations), gir hovudtala frå fiskeria i alle land. Fangsttala i publikasjonen omfattar òg innlandsfiske, fiskeoppdrett og fiske til eige bruk.

### **3.4. Definisjonar**

Frå og med 1977 er fangstmengdene gitt opp i tonn rund vekt. Rund vekt er vekta av fisken slik han er når han vert fanga. Vekta av fisk som vert levert sløgd med eller utan hovud, som filet, som saltfisk o.l. vert rekna om til rund vekt ved hjelp av omrekningsfaktorar. Vedlegg 2 viser omrekningsfaktorar til rund vekt for ulike fiskeslag og produkttypar. Fangstverdi er det fiskarane får utbetalt for fangsten. I denne summen er lagsavgifta trukken frå, medan produktavgifta ikkje er trukken frå. Alle pris- og frakttilskott er lagt til. Sikringstrekk og meirverdiavgift er ikkje rekna ut.

## 3. The catch

### 3.1. Introduction

This chapter comprises catch data for marine fish landed by Norwegian fishermen in Norway or abroad. It also includes tables for the catch of salmon and sea trout, sealing, rearing of fish and the fisheries in other countries.

### 3.2. Quotas, agreements and catch regulations

Norway established an economic zone of 200 nautical miles from 1 January 1977 and a fishery protection zone around Svalbard 15 June 1977. From 29 May 1980 Norway established an economic zone around Jan Mayen. There is a general prohibition on foreign fishermen to fish in the Norwegian economic zones.

Norway has entered the following fishery agreements with other countries:

- Long-term agreements on reciprocal fishing rights with EC, the USSR and the Faroe Islands.
- Long-term agreements giving fishing rights to the neighbouring states Sweden and Finland.
- Phasing-out agreements providing for transitional fishing rights to the German Democratic Republic and Poland mostly for the species red fish and blue whiting.
- For the Skagerrak and the northern part of the Kattegat there is a special tripartite agreement between Denmark (EC), Sweden and Norway.

Each year The Advisory Committee on Fishery Management (ACFM) gives recommendations for total allowable catch (TAC) of the different fish species. Consultations between Norway and her agreement partners are based upon these recommendations. Here shall be mentioned the most important regulations in 1990 carried out by negotiations of this kind.

#### *Northeast Arctic cod*

The northeast arctic cod stock is a joint stock between Norway and the USSR. The two countries agreed on a total quota of 215 000 tons for 1991. In addition to the quota came 40 000 tons Norwegian coastal cod. The USSR transferred 10 000 tons of cod to Norway, and including 40 000 tons coastal cod, Norwegian fishermen could catch a total of 128 500 tons of cod north of 62°N in 1991. For other countries 18 000 tons were reserved.

#### *Northeast Arctic haddock*

This stock is also a joint stock between Norway and the USSR. In the quota agreement for 1991 the total was 28 000 tons and Norwegian fishermen could catch 14 500 tons.

#### *Saithe*

The stock of saithe north of 62°N is an exclusive Norwegian stock. The Norwegian government has restricted the saithe fishery north of 62°N to 100 000 tons live weight. For other countries the quota was 5 900 tons altogether.

The stock of saithe south of 62°N (the North Sea and the Skagerrak) is a joint stock between Norway and EC. The total quota for 1991 was 125 000 tons. Norway's part was 48 950 tons.

#### *Greenland halibut and redfish north of 62°N*

The total allowable catch of Greenland halibut in the Norwegian zone was 9 000 tons in 1991. The USSR could catch 2 100 tons.

The total quota of redfish in the Norwegian zone in 1991 was 36 000 tons, of this EC had a quota of 3 500 tons. The USSR allocated an additional catch of 9 000 tons.

There were no further regulations in the Norwegian halibut and redfish fisheries.

#### *Cod, haddock and whiting in the North Sea*

Norway and EC agreed on a total quota of 275 000 tons of these three species. Norway's share was 24 800 tons. Norway could catch 21 300 tons of cod, haddock and whiting in the EC zone, while the EC countries could catch up to 100 000 tons of these species in the Norwegian zone. Norway transferred 410 tons of cod, 750 tons of haddock and 1 345 tons of whiting, saithe and pollack to Sweden.

#### *Ling, tusk, picked dogfish etc.*

Norway could take 12 000 tons of ling, 1 000 tons blue ling, 3 000 tons of picked dogfish and 6 000 tons of tusk in the EC zone.

According to the quota agreement between Norway and the Faroe Islands, Norway could catch up to 5 800 tons demersal fish (mostly ling, tusk and saithe) in the zone of the Faroe Islands.

#### *Plaice*

According to the agreement between EC and Norway the total quota was 169 000 tons in the North Sea. Norway could catch 3 100 tons of plaice, which also could be caught in the EC zone.

EC's total quota was 165 900 tons, and 45 000 tons of this could be caught in the Norwegian zone.

#### *Mackerel*

EC and Norway agreed that 65 500 tons of mackerel could be taken in the North Sea and the Skagerrak in 1991. Norway was allocated 42 610 tons of this quota. The EC countries were allowed to fish 21 900 tons of mackerel in the North Sea and the Skagerrak.

*Capelin*

Capelin in the Barents Sea is a joint stock between Norway and the USSR. In 1991 the total quota was 850 000 tons in the Barents Sea. Norway's quota was 72 500 tons of capelin near Jan Mayen and Iceland.

*Blue whiting west of 4 °W*

According to the agreements with EC and the Faroe Islands, Norway got quotas on 155 000 tons and 30 000 tons, respectively.

*Sprat in the North Sea*

Norway could take 2 000 tons of sprat in the EC zone. According to an agreement between Sweden and Denmark, Norway was given a quota of 3 205 tons of sprat in Skagerrak and in the northern part of Kattegat.

*Herring*

The herring-fishery in the North Sea, the Skagerrak and west of 4°W. was regulated in 1991. The Norwegian quota was 140 850 tons. In the North Sea 118 110 tons, in the Skagerrak 16 540 tons and west of 4°W. 6 200 tons.

*The industrial fisheries in the North Sea*

According to an agreement between Norway and EC, Norway could fish 20 000 tons of Norway pout and 30 000 tons of sandeel in the EC zone. The EC could fish 150 000 tons of sandeel and 50 000 tons of Norway pout.

*The fishery near Greenland and Newfoundland*

Deep water prawn and Greenland halibut are joint stocks for Canada and Greenland. The EC commission can give Norway quotas of this stock. In 1991 Norway got a quota of 2 500 tons of deep water prawn, and 200 tons of Greenland halibut near East Greenland. Norway could catch 200 tons of halibut and 200 tons of Greenland halibut near West Greenland. Norway could fish 9 000 tons of capelin near Newfoundland. In the Canadian zone Norway had a quota of 1 820 tons of cod and 500 tons porbeagle.

*Deep water prawn fishery in the Barents Sea*

Norway was allocated a total of 2 000 tons of deep water prawn in the USSR zone. There were no quota regulations in the Barents Sea in 1991.

*Porbeagle and basking shark*

In agreement with EC, Norway could fish 200 tons of porbeagle and 100 tons of liver from basking shark in the EC zone.

*Sealing*

4 boats took part in sealing in 1991. In the Jan Mayen area the total quota was 5 400 harp seal and 1 000 grown hooded seal, and in the White Sea the Norwegian quota was 9 500 harp seal.

*Whaling*

As from 1988 all commercial catch of small-whale was forbidden. In 1991 no small-whale was caught, and in 1992 92 animals were caught for research purposes.

**3.3. Sources*****The data system of the Directorate of Fisheries***

According to law, official approved sales unions have the sole right of first hand sale of most fish species and other animals caught in the sea. Excepted from this is salmon, sea trout and seal.

By landing of the catch, a bill is filled in showing quantities and values of the landed fish species, type of fishing gear, disposition of the catch, fishing ground, landing place and the registeridentification of the boat. Nearly all sales organizations deliver this information to the Directorate of Fisheries for producing statistics. In addition there is obtained aggregated information from organizations which do not deliver information on magnetic tape, information from the yearly enquiry of the salmon and sea trout fisheries done by Statistics Norway and information from a few other sources. The information from the sales organizations also comprises Norwegian catches landed abroad. The statistics of catches from the Directorate of Fisheries comprise all catches by Norwegian registered boats in the sea fisheries. Excepted are sealing, whaling, seaweed, oyster, mussel and landings which are not registered by the sales organizations and unregistered sales of fish. Rearing of fish and fishery for own consumption are not included. The sales organizations also give information about landings by foreign boats, but these are not included in the statistics.

Sometimes information about fishing gear and fishing ground is not reported. Boats using more than one type of fishing gear on one trip, can only report one type of fishing gear on the bill, and boats fishing in more than one fishing ground can only report one fishing ground. This must be considered when reading the tables.

***Official supervisory bodies for the fisheries***

During the spawning cod fishery in Lofoten an official supervisory body for the fishery is in operation. The body keeps detailed accounts for participation and catches. From these accounts the leader of the supervision makes a yearly publication called "Lofot-fisket" (Spawning Cod Fishery in Lofoten).

***Catch journals***

In some fisheries the boat owners are obliged to keep catch journals. This concerns e.g. trawling of cod fish and catch of small whales. From these journals the Directorate of Fisheries produces two publications in the series Rapport og meldinger (Reports and Announcements) called "Trålfiske" (Trawling) and "Reke-trålstatistikk" (Deep water Prawn-Trawling). The publications comprise detailed accounts of the participation and catches in these fisheries.

**Custom offices**

The Directorate of Fisheries produces a yearly publication called "Selfangsten" (Sealing) in the series *Rapporter og meldinger* (Reports and Announcements). The publication which is mainly based upon information from the custom offices, comprises participation, catch, price changes and exports in this sector.

**The publication *Fishing and Rearing of Salmon etc.***

Statistics Norway produces a yearly publication which comprises catch, exports and imports of salmon and sea trout and rearing of fish.

**The publication *Yearbook of Fishery Statistics***

This publication from FAO (Food and Agriculture Organization of the United Nations) gives main figures from the fisheries in all countries. The catch figures in the publication also comprise rearing of fish and fishery for own consumption.


**3.4. Definitions**

As from 1977 the quantities are given in live weight. Live weight is the weight of the fish in the condition in which it is caught.

The weight of fish which is landed without head, in gutted condition as fillet or salted etc. is converted into live weight. Annex 2 shows the conversion factors.

Catch value is the amount paid to the fishermen for the catch. This includes freight and price subsidies and production tax, but not tax to the sales union. Value added tax is not included.

Figur 12. Fangstmengd etter hovudgruppe<sup>1</sup> av fiskeslag. 1970-1991  
Quantity by main group<sup>1</sup> of fish species. 1970-1991




<sup>1</sup> Sjå vedlegg 1. <sup>2</sup> Medrekna tang og tare.  
<sup>1</sup> See Annex 1. <sup>2</sup> Seaweed included.

Kjelde: Fiskeridirektoratet. Source: The Directorate of Fisheries.




Figur 13. Fangstmengd. Fylke. 1991  
Quantity of catch. County. 1991




Kj e l d e: Fiskeridirektoratet. Source: The Directorate of Fisheries.

Figur 14. Fangstverdi. Fylke. 1991  
Value of catch. County. 1991



Kj e l d e: Fiskeridirektoratet. Source: The Directorate of Fisheries.

Figur 15. Fangstmengde og -verdi, etter bruken av fangsten, i prosent av totalfangsten. 1991  
Quantity and value, by disposition of the catch, in per cent of total catch. 1991




<sup>1</sup> Inkludert klipfisk.

<sup>1</sup> Including klipfish.

K j e l d e: Fiskeridirektoratet. Source: The Directorate of Fisheries.

**Figur 16. Fiskeoppdrett. Slakta mengd av laks og regnbogeaure. 1979-1990, 1992<sup>1</sup> Tonn rund vekt**  
*Rearing of fish. Slaughtered quantity of salmon and rainbow trout. 1979-1990, 1992<sup>1</sup>. Tons live weight*



<sup>1</sup> Tal for 1991 er så usikre at dei ikkje blir publisert.

<sup>1</sup> Figures for 1991 are unreliable and will not be published.

Kj e l d e: NOS Lakse- og sjøaurefiske 1992. Source: NOS Salmon and Sea Trout Fisheries 1992.

**Tabell 11. Fangstmengd og -kvotar i Barentshavet og Norskehavet nord for 62° N. 1988-1992. 1 000 tonn**  
*Quantity of catch and TAC (total allowable catch) in the Barents Sea and the Norwegian Sea north of 62°N. 1988-1992. 1 000 tons*

Fiskeslag <i>Species</i>	1988	1989	1990	1991	1992*
<b>Norsk-arktisk torsk</b> <i>Northeast Arctic cod</i>					
Fangst <sup>1</sup> <i>Catch</i> <sup>1</sup> .....	449	351	211	291	421
Kvotar <sup>2</sup> <i>TAC</i> <sup>2</sup> .....	411	260	120	175	316
Noreg <i>Norway</i> .....	210	138	73	89	151
Tidlegare Sovjetunionen <i>Former USSR</i> .....	160	94	33	68	150
Tredjeland <i>Other countries</i> .....	41	28	14	18	35
<b>Norsk-arktisk hyse</b> <i>Northeast Arctic haddock</i>					
Fangst .....	95	59	27	35	58
Kvotar .....	240	83	25	28	63
Noreg .....	92	36	12	14	31
Tidlegare Sovjetunionen .....	124	40	12	13	29
Tredjeland .....	24	7	1	1	3
<b>Lodde <i>Capelin</i></b>					
Fangst .....	-	-	-	934 <sup>3</sup>	1 094 <sup>3</sup>
Kvotar .....	- <sup>4</sup>	- <sup>4</sup>	- <sup>4</sup>	850 <sup>5</sup>	834 <sup>5</sup>
Noreg .....	-	-	-	510 <sup>5</sup>	500 <sup>5</sup>
Tidlegare Sovjetunionen .....	-	-	-	340 <sup>5</sup>	334 <sup>5</sup>
<b>Sei <i>Saithe</i></b>					
Fangst .....	114	122	96	107	123
Kvotar .....	115	128	98	109	121
Noreg .....	108	120	92	103	117
Andre land <i>Other countries</i> .....	7	8	6	6	4
<b>Uer <i>Redfish</i></b>					
Fangst .....	42	45	62	67	33
Kvotar .....	26	36	41	36	47
Noreg .....	7	16	17	22	35
Andre land .....	19	20	24	14	12
<b>Blåkkeite <i>Greenland halibut</i></b>					
Fangst .....	20	21	23	30	8
Kvotar .....	19	21	15	9	6
Noreg .....	11	12	11	6	6
Andre land .....	8	9	4	3	-

<sup>1</sup> Ikkje medrekna fangst av kysttorsk. <sup>2</sup> Ikkje medrekna 40 000 tonn kysttorsk til Noreg og 40 000 tonn murmansk torsk til tidlegare Sovjetunionen. <sup>3</sup> Medrekna høstfiske. Ikkje medrekna fiske ved Jan Mayen. <sup>4</sup> Etter tilråding frå ICES' rådgjevande komité har Noreg og tidlegare Sovjetunionen fastsett fangstforbod for lodde. 1988-1990. <sup>5</sup> Vinterlodde.

<sup>1</sup> *Coastal cod is not included.* <sup>2</sup> *40 000 tons coastal cod and 40 000 tons Murman cod, respectively, to Norway and the former USSR not included.* <sup>3</sup> *Included catch during the autumn. The capelin catch around Jan Mayen is not included.* <sup>4</sup> *Norway and former USSR have according to recommendation from the ICES consulting committee prohibited capelin catch. 1988-1990.* <sup>5</sup> *Winter capelin.*

K j e l d e r: Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttets ressursoversikter.

Sources: The Directorate of Fisheries and the yearly resource surveys from the Institute of Marine Research.

**Tabell 12. Fangstmengd og -kvotar i Nordsjøen (ICES-område IV). 1988-1992. 1 000 tonn**  
*Quantity of catch and TAC (total allowable catch) in the North Sea (ICES area IV). 1988-1992. 1 000 tons*

Fiskeslag <i>Species</i>	1988	1989	1990	1991	1992*
<b>Makrell<sup>1</sup> Mackerel<sup>1</sup></b>					
Fangst <i>Catch</i> .....	90	160	138	186	194
Kvotar <i>TAC</i> .....	55	49	45	66	76
Noreg <i>Norway</i> .....	36	32	30	44	51
EU .....	18	17	15	22	25
<b>Brisling <i>Sprat</i></b>					
Fangst .....	93	50	51	92	71
Kvotar .....	.	.	.	.	.
Noreg .....	.	.	.	.	.
EU .....	.	.	.	.	.
<b>Sei<sup>1</sup> <i>Saithe</i><sup>1</sup></b>					
Fangst .....	113	91	84	90	95
Kvotar .....	165	170	120	125	110
Noreg .....	76	82	52	55	52
EU .....	89	88	68	70	58
<b>Torsk <i>Cod</i></b>					
Fangst .....	142	114	97	85	98
Kvotar .....	160	124	105	100	100
Noreg .....	9	5	7	6	8
EU .....	151	119	98	94	92
<b>Hyse <i>Haddock</i></b>					
Fangst .....	105	64	43	44	51
Kvotar .....	185	68	50	50	60
Noreg .....	16	3	5	5	10
EU .....	169	65	45	45	50
<b>Kviting <i>Whiting</i></b>					
Fangst .....	66	40	41	52	47
Kvotar .....	120	115	125	141	135
Noreg .....	12	12	12	14	14
EU .....	108	103	113	127	121
<b>Raudspette <i>Plaice</i></b>					
Fangst .....	138	153	157	143	124
Kvotar .....	175	185	180	175	175
Noreg .....	2	2	3	3	6
EU .....	173	183	177	172	169

<sup>1</sup> Omfatter òg ICES-området IIIa (Skagerrak).

<sup>1</sup> ICES area IIIa (the Skagerrak) included.

K j e l d e r: Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttets ressursoversikter.  
 Sources: The Directorate of Fisheries and the yearly resource surveys from the Institute of Marine Research.

Tabell 13. Fangstmengd og -verdi, etter hovudgruppe<sup>1</sup> av fiskeslag. 1966-1993  
 Quantity and value of catch, by main group<sup>1</sup> of fish species. 1966-1993

År Year	I alt (m/tang og tare) Total (incl. seaweed)	Tang og tare Seaweed	Fisk og skaldyr <i>Fish and crustaceans</i>					
			I alt Total	Torsk og torskearta fisk Cod fish	Sild og brisling Herring and sprat	Makrell, lodde mv. Mackerel, capelin etc.	Skaldyr Crusta- ceans	Anna Other
			1 000 tonn rund vekt	1 000 tons live weight				
1966	2 871,9	55,2	2 816,8	613,0	1 198,9	908,5	10,8	85,7
1967	3 265,6	61,0	3 204,6	583,3	1 228,4	1 287,8	11,4	93,7
1968	2 855,7	72,4	2 783,3	606,9	713,6	1 371,5	10,1	81,3
1969	2 498,5	72,3	2 426,2	665,5	205,9	1 467,2	9,4	78,3
1970	2 985,0	74,6	2 910,4	705,1	299,4	1 814,5	10,8	80,6
1971	3 107,7	102,8	3 005,0	727,3	245,8	1 963,7	10,3	57,9
1972	3 207,1	82,8	3 124,3	740,5	174,7	2 120,0	13,1	76,1
1973	2 974,8	64,7	2 910,1	641,6	163,2	2 016,4	15,3	73,5
1974	2 667,6	89,1	2 578,5	645,9	96,0	1 758,7	18,7	59,2
1975	2 541,5	60,0	2 481,5	588,9	202,3	1 610,5	21,4	58,4
1976	3 416,5	55,4	3 361,1	659,3	150,6	2 474,2	27,7	49,3
1977	3 541,4	138,9	3 402,5	685,5	54,6	2 586,7	28,9	46,8
1978	2 707,9	121,2	2 586,6	638,9	122,3	1 742,1	34,5	48,9
1979	2 760,2	110,0	2 650,2	635,2	99,5	1 827,6	36,6	51,4
1980	2 527,0	126,8	2 400,2	599,1	94,7	1 608,6	47,1	50,7
1981	2 687,0	148,4	2 538,6	690,4	32,1	1 718,6	43,2	54,3
1982	2 634,6	149,7	2 484,9	684,9	71,4	1 614,0	53,8	60,8
1983	2 949,3	136,7	2 812,6	603,3	91,4	1 966,7	80,1	71,1
1984	2 576,4	136,4	2 440,0	603,3	173,5	1 514,3	86,1	62,9
1985	2 217,0	133,3	2 083,7	544,3	256,6	1 119,7	93,6	69,5
1986	2 023,6	159,3	1 864,3	522,0	335,3	868,0	59,7	79,3
1987	2 066,8	174,1	1 892,7	589,7	356,5	790,2	43,6	112,7
1988	1 921,7	172,1	1 749,6	512,3	350,7	743,2	43,7	99,7
1989	1 971,4	182,7	1 788,7	432,1	280,0	924,9	57,6	94,2
1990	1 788,6	197,0	1 591,6	314,5	214,0	886,9	64,3	111,9
1991	2 197,9	190,6	2 007,3	381,8	234,6	1 194,1	50,5	146,4
1992*	2 599,8	189,3	2 410,5	477,3	259,7	1 529,9	50,5	93,0
1993*	2 557,0	169,6	2 387,4	560,4	396,2	1 287,7	50,9	92,3
Mill. kroner								
1966	1 337,3	2,4	1 334,9	495,3	418,7	253,9	57,4	102,8
1967	1 187,9	2,8	1 185,1	462,1	303,4	253,9	61,8	104,0
